

SERVICESKYSS

I SOGN OG FJORDANE

RETNINGSLINJENE GJELD FRÅ 01.01.2018

Målsetjing

Serviceskyss er eit transporttilbod som er ope for alle og skal vere tilrettelagd for alle. Tilbodet er skreddarsydd den aktuelle målgruppa i samarbeid med kommunar og lokale organisasjonar. Serviceskyss er faste ruter som skal gå regelmessig.

- Serviceskyssen skal gje dei reisande høve til å utføre nødvendige tenester på reisemålet på dagtid (kl. 9–14) – som butikk, bank, post og helsetenester.
- Serviceskyssen skal gje dei reisande høve til å nytte sosiale tilbod på reisemålet.
- Serviceskyssen skal bidra til at innbyggjarane i fylket får høve til å bu heime lenger – med betre livskvalitet.
- Serviceskyssen skal gje eit tilbod i område der det ikkje går andre høvelege ruter.
- Serviceskyssen skal gje personar som har vanskar med å kome seg til næraste busstopp høve til å verte henta heime.

Målgruppe

Personar som

- har reisebehov på dagtid til bygde-/kommunesenter
- manglar eit ordinært rutetilbod
- har vanskar med å kome seg til haldeplass

Fastsetting av rutene

Rutene vert tilpassa mål og målgrupper for serviceskyss. Rutene skal i hovudsak utførast i tidsrommet 9–14. Ruter som avvik frå dette, må gjerast greie for, til dømes ruter på kveldstid eller i helgane.

Kommunen

Kommunane søkjer fylkeskommunen om nye serviceskyssruter.

I søknaden må kommunen gjere greie for

- ønska tider, dagar og periode for ruta
- strekning
- tenester og sosialt tilbod på reisemålet

Kommunen må i tillegg, saman med lokale aktørar, legge til rette slik at det lokale tilbodet (til dømes dagsenter, kafé og liknande) høver med rutene. Dersom det ikkje finst nokon naturleg sosial møtestad på reisemålet, må kommune/lokale aktørar syte for at det blir eit slikt tilbod for dei reisande.

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen gjer ei totalvurdering av søknadane og fastsett serviceskyssrutene.

I vurderinga tek fylkeskommunen omsyn til

- anna rutetilbod
- kundegrunnlag
- geografisk spreiring
- tenestetilbod og sosial møteplass på reisemålet

Rutinar for endring av rutene

Administrasjonen i fylkeskommunen vurderer serviceskysstilbodet årleg.

Vurderinga skjer med bakgrunn i grunnlaget for tildeling. Skjer det endringar som gjer at grunnlaget for ei rute fell vekk, kan fylkeskommunen i samarbeid med kommunen gjere endringar i serviceskysrutene. Administrasjonen har høve til å gjere mindre endringar i løpet av året, eventuelt fremje aktuelle saker til politisk handsaming.

Kommunane gir tilbakemelding dersom dei ønskjer å gjere endringar i serviceskysrutene i området sitt. Kommunen kan òg søkje om oppretting av nye serviceskysruter dersom dei ser det er behov for dette. Endringsinnspel frå andre aktørar skal samordnast av kommunen.

Fylkeskommunen vurderer dei innkomne innspela og tek endeleg avgjerd om rutetilbodet.

Prioriteringsliste ved fastsetting og endring av ruter

Ved fastsetting og endring av ruter i serviceskys skal følgjande kriterium leggast vekt på. Kriteria er sett opp i prioritert rekkefølge:

1. At det ikkje finst anna rutetilbod på strekninga/tidspunktet
2. Pris pr. reise, for å nå flest mogleg med tilbodet
3. At det finst eit relevant tilbod av tenester og sosialt tilbod på reisemålet
4. Geografisk spreiring

Dersom ei rute står i fare for nedlegging, vert kommunen utfordra til å gjere tilpassingar for å betre grunnlaget før ruta vert lagt ned.

Finansiering av rutene

Fylkeskommunen tildeler midlar til kvar enkelt rute, utifrå tilgjengeleg budsjettramme, vedtekter og politiske prioriteringar for kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane.

Pris for brukarar

Pris pr. tur 30 kr.

Tingingsrutinar

Transporten skal tingast dagen før, innan eit fastsett tidspunkt. Operatørane må ha eit system for mottak og gjennomføring av telefonbestillingar. Dokumentasjon med passasjerstatistikk som inneheld henteadresse, skal leggast ved fakturaen.

Informasjon

- Fylkeskommunen samlar relevant informasjon om serviceskysstilbodet på kringom.no/serviceskys. Der vert det linka vidare til operatørane og andre stader der ein kan finne informasjon. Dei reisande skal finne tilbodet sitt ved å gå inn på kringom.no/serviceskys.
- Operatørane skal ha oppdatert informasjon om rutetilbodet og telefonnummer og fristar for tinging på nettsidene sine.

- Det skal liggje lenker til informasjon frå operatørane på nettsidene til kommunane. Her skal brukarane også finne informasjon om kva tenestetilbod og sosialt tilbod som finst på reisemålet i kommunane.

Fylkeskommunen utarbeider informasjonsmateriell om serviceskyss som kommunane vidareformidlar til potensielle reisande og samarbeidspartnarar.

Samhandling

- Fylkeskommunen og kommunane peikar ut ein kontaktperson for serviceskyss i kvar organisasjon.
- I 2017 møter fylkeskommunen representantar frå alle kommunane for ein gjennomgang av kva serviceskyss er, og kva som er forventa av kommunane. Kontaktpersonane skal delta på dette møtet. Operatørane kan også delta dersom det er hensiktsmessig.
- I 2017 tek fylkeskommunen ein gjennomgang av alle serviceskyssrutene. Kommunane blir bedde om å ta ein gjennomgang av rutene sine og søkje om ev. endringar. Fylkeskommunen gjer ei totalvurdering av tilbodet.
- Kommunane og operatørane melder inn fortløpande dersom det skjer endringar som kan ha konsekvens for rutetilbodet.
- Før den årlege vurderinga av tilbodet, tek kontaktpersonen frå fylkeskommunen kontakt med kontaktpersonane for kommunane og operatørane for å få ei oppdatering om ev. endringar som kan ha konsekvensar for rutetilbodet.
- Ansvarleg for informasjon i fylkeskommunen følgjer opp kommunane for å sikre at kommunen oppfyller informasjonskravet.

Ansvarsfordeling ny modell

<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fastsetting av rutene etter søknad frå kommunane - Gjennomgang og eventuelt endring av ruter årleg - Tildeling av midlar - Samordne informasjon på kringom.no - Utarbeide informasjonsmateriell til bruk i kommunane - Fylkeskommunen gjer årleg tilgjengeleg statistikk for bruk av rutene 	<p>Kommunane</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vurdere behov for serviceskyss i kommunen og eventuelt søke fylkeskommunen om oppretting av nye ruter - Koordinere frivillige lag/organisasjonar og kommunale tenester - Legge til rette for at dei reisande får utført nødvendige ærend medan dei er på staden, og at dei reisande har ein sosial møteplass på reisemålet - Melde inn kontaktperson (med e-post og telefonnummer) for serviceskyss i kommunen til fylkeskommunen - Lenke til informasjon om serviceskyss på heimesida si og vidareformidle informasjon som kjem frå fylkeskommunen
<p>Operatørane</p> <ul style="list-style-type: none"> - Organisere transportane - Ta i mot tingingar - Føre lister over tal reisande og utført ruteproduksjon - Fakturere fylkeskommunen etter avtale 	<p>Sjåfør</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hente passasjerane heime og transportere til sentrum - I enkelte høve hjelpe passasjerer inn og ut av bilen og hjelpe med å laste varer

Godkjenning og endring av retningslinjer

Desse retningslinjene er godkjente av hovudutval for samferdsle.

Endringar skal godkjennast av hovudutval for samferdsle.